



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Geir Moen, 71 25 84 71

Løyve til fangst og avliving av pukkellaks sesongen 2021

Det er registrert oppgang av pukkellaks i nedre del av fleire elver i fylket den siste veka og Statsforvaltar forventar at innsiget til elvane i fylket kan bli større enn i 2019 og 2017.

Som det går fram av Artsdatabankens «Fremmedartsliste 2018» på adressa <https://artsdatabanken.no/fremmedarter/2018/N/29> er pukkellaks ein framand art i Norge. Artsdatabanken vurderer at pukkellaksen har stort invasjonspotensiale og usikker økologisk effekt. Som ein samla konklusjon er pukkellaksen plassert i gruppa framande artar med høg risiko.

Pukkellaksen er ein art som førekjem naturleg i Stillehavet, men ikkje i Atlanterhavet. Vi meiner det er rett å sette inn tiltak for å verne om våre stadeigne fiskeartar og økosystemet i elvane. Pukkellaksen startar gyting rundt midten av august her i fylket. Det er difor viktig at tiltak blir sett inn før gytinga er i gang. Samtidig kan uttak av pukkellaks med lys og håv være effektivt i mindre elver når pukkellaksen byrjar å samle seg på gytegrunnene i starten av august. Statsforvaltar forventar at mange elveigarlag vil ta kontakt om uttak av pukkellaks i sommar. Av omsyn til sakshandsamingstid vil Statsforvaltar gje eit førehandsløyve til elver som er godt organiserte. Vi set vilkår i løyve for at skadeverknadane på atlantisk villaks og sjøaure skal bli minimale; jf naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Det er formann i forvaltningslag/elveigarlag som er ansvarleg for at vilkåra i løyvet blir etterlevd.

Vedtak:

Med heimel i § 13 i lov av 15. mai 1992 om laksefisk og innlandsfisk m.v.; jf. naturmangfaldlova § 18, gir vi forvaltningslag i Møre og Romsdal som er oppgitt i vedlagte liste løyve til å fiske/fange pukkellaks ved hjelp av stang, lys, harpun, krok, el-apparat, not, håv og garn. Det blir i tillegg gitt løyve til å grave opp eventuelle gytegroper. Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå d.d. til og med 1. september 2021
- Fangsten skal innrettast slik at det blir fanga minst mogleg villaks og sjøaure
- Før garn eller not nyttast skal aktuell strekning kartleggast. Garn og not skal kun brukast når det er observert pukkellaks, og garn skal ikkje nyttast når pukkellaksen står i lag med stadeigne artar.
- Fiske med stang utanfor ordinær fisketid skal kun skje i kulpar der det er observert pukkellaks



- Dersom det blir fanga villaks og/eller sjøaure skal dei settast varsamt tilbake i elva
- Pukkellaks og sikre oppdrettsfisk som blir fanga skal avlivast og fjernast frå elva og nærområda til elva. Det er ønskeleg med skjelprøve av pukkellaks som skal sendast til NINA.
- Alt utstyr som tidlegare er brukt i andre vassdrag skal desinfiserast før det kan brukast
- Det skal førast protokoll over all fangst. Vedlagte skjema nyttast. Rapport sendast Statsforvaltar innan 31. desember 2021. Sportsfiskefangstar av pukkellaks skal rapporterast på ordinær måte til offentleg statistikk. Det er viktig å skilje mellom fangst ved ekstratiltak og sportsfiske.
- Formann/kontaktperson i forvaltningslag/elveeigarlag er ansvarleg for at vilkåra i løyvet blir etterlevd.

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak:

https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073n_nynorsk.pdf.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Geir Moen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 1: Adresseliste
- 2 Vedlegg 2: Registreringsskjema
- 3 Vedlegg 3: Informasjonsplakat

Kopi til:

NJFF Møre og Romsdal	Skaret 10	6422	MOLDE
Statens naturoppsyn			
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
Alle kommunane i Møre og Romsdal			
Møre og Romsdal politidistrikt			